



Yogakurs på Bøkkerkaien på Rød, ei nyskapande hending i eit tradisjonelt bygningsmiljø.

Det er mykje nytt og interessant som skjer på Bygdetunet Rød og på Bøkkerverkstaden for tida. På Bøkkerkaien er det yogakurs kvar onsdag. Oppe i tunet vert eine løevæggen dekorert med Fjordprinsessa, skapande prosessar som er ein del av Hardangerfjord Street Art festival. Alt vert gjort i nært samarbeid med Siv Framnes og Atle Thoresen, som bur på tunet og er kontaktpersonar for museumsverksemda på Rød.



I dårleg ver er yogaaøvingane inne i sjølve Bøkkerverkstaden.

Yoga er ikkje nytt i Uskedalen. Nye plassar og arenaer vert prøvd. Lene Simonnes, som til vanleg bur i Kuala Lumpur, er ikkje redd for å prøva ut nye tilpassa plassar for yogakurs. Tre onsdagar samlast 14 deltakarar på Bøkkerkaien. Er veret dårleg, er det rydda plass inne i sjølve Bøkkerverkstaden mellom tønner, verty og tauverk. Plassen er unik med ei flott ramme ved fjorden og fjella bak. Lene Simonnes har mellom anna tidlegare hatt yogakurs på Låganåso, i forsamlingshuset Vonheim på Haugland og på skuleplassen ved skulemuseet.



[Hardanger Street Art Festival vil bruka Rød til ein av sine installasjonar.](#)

Sandie Carol Dougnac saman med John Cunningham brukar eine kortveggen på løa til veggkunst. Fjordprinsessa vert måla speilvendt slik at ho vender ned mot fjorden. Arbeidet starta i går kveld og vert slutført i dag. Arbeidet er eit av mange tiltak i festivalen Hardangerfjord Street Art Festival.

Yoga og Street Art er nyskapande aktivitetar på Rød. Det vitnar om eit gammalt tun i utvikling der ein ser muligheter for å skapa noko nytt i ein prosess fram mot eit produkt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Siv Framnes



Sandie Carol Dougnac og John Cunningham er snart klar med Fjordprinsessa på eine løeveggen.